

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovedutval for teknikk, miljø og næring	18/15	23.04.2015

Høring - Norsk pelsdyrhold - Bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?**Vedlegg**

- 1 Høring - NOU 2014:15 Norsk pelsdyrhold - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?
- 2 Brev LMD Pelsdyr NOU
- 3 Sammandrag og anbefaling fra utredninga

Saksopplysningar

Landbruks- og matdepartementet har via Fylkesmannen i Møre og Romsdal sendt denne saka på høring til dei kommunane som har pelsdyrhold, dvs. rev og mink for produksjon av pels.

Utgreinga i saka er gitt av eit utval som leverte si innstilling i saka 15.desember 2014. Vedlagt finn de samandrag og råd frå dette nasjonale utvalet som har arbeidd med saka.
Utvalet er delt i sin konklusjon: Eit fleirtal på fem medlemmer går inn for bærekraftig utvikling av næringa. Eit mindretal på tre medlemmer går inn for styrt avvikling. Eitt medlem ønsker ikkje å gi råd om alternativa for pelsdyrnæringa.

Her er lenke til heile høringsdokumentet:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/93e812069c06488a87213d0b93cab5cc/no/pdfs/nou2014/201420140015000dddpdfs.pdf>

Vurdering

Rådmannen vil sjå på argumenta for og mot pelsdyrhold:

Argument for norsk pelsdyrhold:

- Lovlig næring i dag.
- Mattilsynet rapporterer at dei fleste oppdrettarane i stor grad oppfyller krava i regelverket.
- Lønnsom og internasjonalt konkurransedyktig næring. Pelsen går til eksport.
- Næringa er lite subsidiert: fraktstøtte til føret, tollfritak for råvarer til pelsdyrför (frå 2015), avløysartilskot, tilskot til avlsarbeid og investeringsstøtte.
- Skapar arbeidsplassar og verdiskaping, ofte på landbrukseigedommar som er for små til anna verdiskaping og næring. Denne verdiskaping gir ringvirkningar i lokalsamfunnet.
- Gjer slakteavfall frå kjøtt- og fiskeforedling om til ein ressurs (før til pelsdyra) som gir verdiskaping.
- Dei fleste pelsdyra har korte liv, ca 7 månader, i bura. Kvalpane er fødde om våren (mai) og lever til ca desember, da dei er utvokst. Avlsdyra har større plass.

-God dyrevelferd er ei forutsetning for å få skinn med god kvalitet, og dermed lønnsom næring.

Argument mot norsk pelsdyrhold:

- Dyra blir holdt i bur og i fangenskap. Kommentar: Dette fører til at dei ikkje får utøve sine naturlige instinkt. Andre dyreslag er òg i bur; Både produksjonsdyr (fjørfe -eggproduksjon) og mange kjæledyr er i bur (kaniner m.m.). Samtidig skal pelsdyra i bur vere sikra mat og dei skal unngå lidelsar som dyr i den frie naturen er utsett for, som rovdyr, svolt, sjukdom, skader, andre lidelsar.

-Unødvendig produksjon? Er det meir etisk rett å produsere kjøtt/melk/fisk enn pels?

-Stor motstand mot pelsdyrhold i deler av samfunnet.

-Brot på dyrevernslova er avdekka hos mange oppdrettarar, der dyr er utsatt for unødvendige og ulovleg liding. Den enkelte oppdretter har ansvaret for godt dyrehold på sin farm. Mattilsynet har ansvar for å kontrollere at dyrevernlova blir etterlevd.

-Utfrå desse momenta meiner mange at norsk pelsdyrhold ikkje er etisk forsvarlig og ikkje er i samsvar med god dyrevelferd.

Rådmannen vil utifrå ei samla vurdering gi følgande tilråding:

Rådmannen si tilråding

Surnadal kommune støttar ei fortsatt vidare utvikling av pelsdyrnæringa i Norge. God dyrevelferd er ei forutsetning for dette. Næringa er viktig for arbeid, busetnad og verdiskaping i små bygder og på små landbrukseigedommar.

Behandling i Hovedutval for teknikk, miljø og næring - 23.04.2015**Forslag:**

Ann Grete Gravvold sette fram følgjande forslag:

Surnadal kommune tilrår ei styrt avvikling av norsk pelsdyrhald.

Ragnar Halle sette fram følgjande tilleggsforslag:

Pelsdyrnæring i Surnadal drives med god dyrevelferd og det er ikkje ønskeleg å avvikle den delen av landbruket i ei bygd der landbruksnæringa som helhet står sterkt.

Votering:

Forslaget frå Ann Grete Gravvold vart sett opp mot tilrådinga frå rådmannen.

Forslaget frå Ann Grete Gravvold fekk 1 røyst.

Tilrådinga frå rådmannen fekk 6 røyster.

Tilleggsforslaget frå Ragnar Halle vart vedteke mot to røyster.

Hovudutval for teknikk, miljø og næring sitt vedtak:

Surnadal kommune støttar ei fortsatt vidare utvikling av pelsdyrnæringa i Norge. God dyrevelferd er ei forutsetning for dette. Næringa er viktig for arbeid, busetnad og verdiskaping i små bygder og på små landbrukseigedommar.

Pelsdyrnæring i Surnadal drives med god dyrevelferd og det er ikkje ønskeleg å avvikle den delen av landbruket i ei bygd der landbruksnæringa som helhet står sterkt.